



# NOREGS HØGSTERETT

Den 30. januar 2017 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Arntzen og Bergh i

**HR-2017-221-U, (sak nr. 2017/156), straffesak, anke over kjennelse:**

A (advokat Hans Chr. Nygaard Wang)

mot

Den offentlege påtalamakta

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld vidare anke over orskurd om fengsling etter utleveringslova § 20 nr. 1, jf. straffeprosesslova § 171 nr. 1.
- (2) A, fødd 00.00.1984, vart pågripen av politiet 16. januar 2017 med grunnlag i internasjonal etterlysning og oppmoding om pågriping for soning av fengselsstraff han var dømd til i Albania. Straffa er opplyst å vere fengsel i eitt år og seks månader etter domfelling for bedrageri, ved fråveredom.
- (3) Påtalemakta sette 17. januar 2017 fram krav til Halden tingrett om varetektsfengsling i fire veker.
- (4) Halden tingrett gav same dagen orskurd med slik slutning:  
**"A, født 00.00.1984, løslates."**
- (5) Tingretten kom til at grunnvilkåret for varetektsfengsling var oppfylt, og at det var fare for at han ville unndra seg behandling av utleveringssaka. Tingretten kom til at fengsling likevel ikkje var samhøveleg, og viste mellom anna til at A tidlegare hadde vore varetektsfengsla i Sverige i samband med den same saka.
- (6) Påtalemakta anka til Borgarting lagmannsrett, og bad samtidig om utsetjande verknad. Tingretten tok oppmodinga til følgje.

(7) Borgarting lagmannsrett gav orskurd 20. januar 2017 med slik slutning:

**"A, født 00.00.1984, kan holdes varetektsfengslet inntil påtalemyndigheten eller retten bestemmer noe annet, likevel ikke utover 14. februar 2017."**

(8) Lagmannsretten la til grunn at det ikkje kan være avgjerande ved samhøvevurderinga, at Högsta domstolen i Sverige hadde kome til at A ikkje skulle utleverast til Albania. Retten la i staden til grunn at fengsling er samhøveleg under tilvising til alvoret i saka, til Noregs plikter etter utleveringskonvensjonen og til at utleveringskrav frå Albania er varsla.

(9) A har anka til Høgsterett. Han har vist til at han var varetektsfengsla i Sverige. Det er gjort gjeldande at det er ein saksbehandlingsfeil når lagmannsretten ikkje prejudisielt har teke stilling til kva det sannsynlege utfallet vil bli i Noreg etter lova og utleveringskonvensjonen, når samhøvespørsmålet er vurdert. A meiner at tingretten vurderte saka rett, og han er einig i at ei korrekt vurdering av samhøvespørsmålet må gjere at han må lauslatast. A har sett fram slik påstand:

**"Lagmannsrettens kjennelse oppheves."**

(10) *Påtalemakta* har teke til motmæle og gjort gjeldande at orskurden frå lagmannsretten er korrekt. Om A blir lauslaten no, vil den vidare behandlinga av kravet om utlevering bli gjort umogeleg.

(11) *Høgsteretts ankeutval* viser til at det er tale om ein vidare anke der utvalet berre kan prøve lagmannsrettens saksbehandling og lovtolking, jf. straffeprosesslova § 388 første ledd. Anken rettar seg særleg mot saksbehandling og lovforståing når det gjeld vilkåret om at inngrepet må vere samhøveleg ("forholdsmessig"). Dette høyrer med til det utvalet kan prøve.

(12) Utvalet viser til at den albanske dommen, som arrestordren byggjer på, og som vil kunne danne grunnlag for eit utleveringskrav, gjeld ein dom på fengsel i eitt år og seks månader for bedrageri.

(13) A er busett i Sverige, der han har fast opphaldsløyve. Han vart pågripen der og sat varetektsfengsla frå 3. desember 2014 til 29. januar 2015. Högsta domstolen i Sverige kom 9. oktober 2015 til at A ikkje kunne utleverast ut frå reglane i den svenske utleveringslova § 9 tredje ledd og i utleveringskonvensjonen.

(14) A har forklart at han også vart pågripen i Nederland. Utvalet viser til utskrift av pågripingsvedtak 26. oktober 2016 frå nederlandsk grensepoliti, der det går fram at A då var pågripen med grunnlag i utleveringskravet frå Albania. Fengslingstida vart sett til tre døgn. A har opplyst at han vart sett fri etter 5–6 timar.

(15) Ei vidare varetektsfengsling i Noreg vil måtte byggje på at det vil ta ein del tid før det eventuelt kan liggje føre ei endeleg avgjerd i utleveringsspørsmålet, særleg i lys av vedtaket frå Högsta domstolen. A vil eventuelt måtte sitje i varetekt til det er klarlagt at han kan og skal utleverast til Albania.

(16) Utvalet viser til at det må reknast med at A, om han blir sett fri, reiser til Sverige, der han har kone og barn, og der han har fast opphaldsløyve. Han bur der på kjend adresse, og forsøkte ikkje å unndra seg behandlinga i Sverige i dei månadene det tok frå han vart sett fri frå

varetekt og til Högsta domstolen tok avgjerd.

- (17) Utvalet legg vekt på omsynet til effektiviteten etter den europeiske utleveringskonvensjonen. Samtidig er innhaldet i kravet prøvd i det landet der A no bur fast, og dette synest også å ha vore avgjerande i Nederland. I lys av dette, og i lys av den lange varetektstida som vil måtte påreknast før utlevering eventuelt kan skje, er utvalet kome til at det har tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere med at varetekt ikkje vil vere samhøveleg.
- (18) A blir etter dette å lauslate.
- (19) Orskurden er samrøyses.

#### SLUTNING :

A blir å lauslate.

Wenche Elizabeth Arntzen  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Espen Bergh  
(sign.)

Riktig utskrift: